



Møtebok for Formannskapet

Møtedato: 05.04.2016
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 14:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	Modalstunet - orientering
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

Møtet vart heva frå kl 12.25-13.15 medan det vart halde møte i Næringsfondsstyre.

Ny ovn på kjøkkenet i samfunnshuset på Mo

Linda Neset føreslo at det burde kjøpast ein ny ovn då den gamle var øydelagt.

Oppfølging

Formannskapet vedtok å nytte avsette midlar inntil kr 50.000 til rådvelde for formannskapet til føremålet.

Rådmannen undersøker saka og iverkset innkjøp av ein ny ovn.

Sakliste

Saknr	Tittel
015/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
016/2016	Godkjenning av møtebok
017/2016	Referatsaker
018/2016	Orienteringssaker
019/2016	Søknad om forlenging av frist for igangsetting av bygging gnr 76 bnr 103
020/2016	Takstvedtekter for sakkunng nemnd og sakkunng klagenemnd - eigedomsskattepliktige eigedommar i Modalen kommune

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		16/34

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
015/2016	Formannskapet	PS	05.04.2016

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Formannskapet - 015/2016

FOR - behandling:

Samrøystes

FOR - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		16/34

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
016/2016	Formannskapet	PS	05.04.2016

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

Formannskapet - 016/2016

FOR - behandling:

Samrøystes

FOR - vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 23.02.2016

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		16/34

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
017/2016	Formannskapet	PS	05.04.2016

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
017/2016.1	Melding om vedtak - Kulturmidlar 2016

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Formannskapet - 017/2016

FOR - behandling:

Samrøystes

FOR - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Vedlegg:

Melding om vedtak - Kulturmidlar 2016

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		16/34

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
018/2016	Formannskapet	PS	05.04.2016

Orienteringssaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
018/2016.1	Kommunestruktur - Nordhordland - Forhandlingsutvalet - protokoll frå møte 16.02.2016

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Formannskapet - 018/2016

FOR - behandling:

I møtet vart det orientert om følgjande saker:

Kommunestruktur

Ordførar orienterte om status for drøftingar/prosess i Nordhordland og opplegg for gjennomføring av folkemøte den 12. april i Modalen og høyringsprosessen forøvrig.

Under drøftinga kom det fram ønskje om at "aleine alternativet" også vart belyst på folkemøtet.

Oppfølging:

Forhandlingsutvalet førebur folkemøtet, og tek med seg innspela frå drøftinga under møtet.

Tannklinikk i Modalen

Brev frå Hordaland fylkeskommune med oppseiing av leigeavtale var sendt ut til medlemane i epost før møtet.

Ordførar orienterte om kontakt med ordførar i Masfjorden for vurdering av om det er mogleg å få etablert eit privat tannhelsetilbod.

Oppfølging:

Ordførar føl opp saka i samarbeid med ordførar i Masfjorden. Dersom ein privat tannlege er interessert i å etablere ein privat praksis så vil det verte lagt fram eiga sak om økonomi og vilkår for dette til politisk handsaming.

NVE - høyring av søknader om løyve for 8 små vasskraftverk i Modalen kommune

Brev frå NVE var sendt ut til medlemane i epost før møtet.

Rådmannen orienterte kort om saka. Det vert offentleg folkemøte den 24.05.16 om saka. Frist for fråsegn er 1.7.2016.

Kommunal kai Mostraumsvika

Rådmannen orienterte om nyleg motteken førspurnad om vøling av kai.

Formannskapet stiller seg positiv til eit samarbeid med privat interessent for vøling av kaien, men ba om at det også vart vurdert kva rettigheter som vart knytta til kaiar ved Langedal og Nottveit.

Oppfølging:

Rådmannen føl opp dialogen med interessent og undersøker bruksrettar også for kaiar ved Langedal og Nottveit.

Bygging av nye bustader til flyktningar - status utleige

Rådmannen orienterte om administrasjonen si vurdering av kostnader og stønad frå Husbanken ved bygging av ein tomannsbustad på Mo.

Rådmannen orienterte også kort om behov for utleigebustader til andre føremål.

Oppfølging:

Formannskapet ber rådmannen leggje fram ei sak til politisk handsaming for bygging av ny bustad på Mo med 2 bu-einingar.

Status for fylkesveggar i Modalen

Ordførar orienterte om kontakt med Statens Vegvesen i høve tilstanden av asfaltdekke på dei lokale fylkesvegane.

Oppfølging:

Ordførar vil følgje opp saka med brev og dokumentasjon av tilstanden til Hordaland fylkeskommune/Statens vegvesen , samt invitasjon om ei synfaring.

Rekneskap 2015

Rekneskapet for 2015 er ikkje ferdig revidert, men førebels tal syner eit netto driftresultat på vel 7.2 millionar som er litt betre enn tala for 2014. Resultatet skuldast mellom anna god kostnadskontroll, auke i inntekter og reduserte pensjonskostnader.

Rådmannen vil gje ei kort orientering om rekneskapet også til kommunestyret i møte 21. april.

Modalstunet - status avvikling av avtaler med Vaksdal kommune - lukka møte

Ordfører og rådmann orienterte om saka sist i møtet. Saka har vore drøfta i møte med Fylkesmannen den 11. mars der begge kommunane var representert.

Møtet vart lukka fordi det var trong til å gå gjennom juridiske sider av dei avtalemessige tilhøva mellom kommunane.

Samrøystes

FOR - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Vedlegg:

02 2016 02 16 Protokoll frå forhandlingsutvalet sitt møte

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kjell Langeland	Gbnr - 76/103, HistSak - 13/12	16/9

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
019/2016	Formannskapet	PS	05.04.2016

Søknad om forlenging av frist for igangsetting av bygging gnr 76 bnr 103

Forslag til vedtak:

Rådmannen rår til at søknaden vert innvilga, men set krav om oppstart av byggjeprojektet innan utgangen av 2016.

Saksopplysningar:

16.12.2013 vart gnr. 76 bnr. 103 overført frå Modalen kommune til nye eigarar.

Modalen kommune har i sine føresetnader for sal av kommunale tomter ein frist på 2 år frå overtaking av eigendom til start bygging.

I brev datert 07.01. 2016 har Modalen kommune sendt brev til eigar av gnr. 76 bnr. 103 der ein opplyser om at fristen på to år for igangsetting er utgått, og ein ber derfor om at tomte vert overført til Modalen kommune slik det står i føresetnadane for tildeling.

I svarbrev datert 27.01.2016 vert det søkt om forlenging av denne fristen til ut 2016. Bakgrunnen for at bygging ikkje vart igangsett var ein usikker arbeidssituasjon og at dei har buplikt på ein gard der det er 1,5 år igjen av buplikta. Arbeidssituasjonen er no avklart.

Modalen kommune har ei tomt att i bustadfeltet på Mo som ikkje er seld.

Vurdering

Tomtene som er seld i seinare år er vorte bebygt som planlagt. Ei tomt er tilbakeført då det ikkje var aktuelt å byggje for vedkomande.

I 2015 vart det gjeve løyve til utsetjing av byggestart i eit år for ei tomt på Helland. Dette løyve vart gjeve administrativt då det er fleire ledige tomter på Helland. På Mo er det no berre ei kommunal tomt som ikkje er seld. Denne tomte vert vurdert nytta til bygging av kommunal bustad for flyktningar. Administrasjonen legg derfor denne søknaden om fristforlenging fram for formannskapet til ei vurdering om godkjenning eller avslag.

Formannskapet - 019/2016

FOR - behandling:

Rådmannen gjorde greie for ulike sider av saka og opplyste at det ikkje er vedteke eige reglement for sal av kommunale bustadtomter, men at det har i lengre tid vore etablert ein praksis for å setje eit vilkår om frist i kjøpskontraktane.

Under drøftinga kom det fram ønskje om å klargjere praksis for handheving av fatsett frist. Etter drøftinga samla formannskapet seg om eit framlegg til endra vedtak og tillegg for oppfølging.

Samrøystes

FOR - vedtak:

Formannskapet vedtek at søknaden vert innvilga, men set krav om at byggjearbeidet vert starta opp innan utgangen av 2016.

Formannskapet ber rådmannen lage ei sak til politisk handsaming med føremål å klargjere den administrative oppfølginga av vilkår og fristar ved sal av kommunale bustadtomter.

Vedlegg:

Tilbakeføring av bustadtomt 76103 til Modalen kommune. Søknad om omgjørelse av vedtak

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 232	16/75

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
020/2016	Formannskapet	PS	05.04.2016
	Kommunestyret	PS	

Takstvedtekter for sakkuning nemnd og sakkuning klagenemnd - eigedomsskattepliktige eigedommar i Modalen kommune

Forslag til vedtak:

Framlegg til takstvedtekter for sakkuning nemnd og sakkuning klagenemnd – eigedomsskattepliktige eigedommar i Modalen kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i saksvedlegget, og legg føringa på det formelle takseringsarbeidet i kommunen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen legg opp til ny taksering av eigedommar, spesielt retta mot den nye kraftlina Modalen – Mongstad, kor ein ser for seg ein auke i eigedomsskattegrunnlaget. I den samanheng treng ein oppdaterte takstvedtekter. I neste omgang må ein velje takstnemnder, og kor ein prøver å få dette til i samarbeid med Masfjorden kommune.

Vurdering

Det er i hovudsak to tilnærmingar på takseringsarbeidet i kommunal regi, enten taksering i eigen regi av nedsett takstnemnd eller sakkuning nemnd. Sakkuning nemnd bruker eksterne takstmenn til verdivurdering før nemnda deretter fastset eigedomskatt. I saka har vi valt tilnærminga med sakkuning nemnd, etter tilråding frå LVK, samt brukt dei standardvedtektene som dei har utarbeidd for takstnemnder i samsvar med eigedomsskatteleva. Modalen har i dag ca. 21 mill.kr. i samla eigedomsskatteinntekter. Ein stor del av desse er knytt til kraftverksbeskatning. Det er forventa ein vesentleg nedgang i eigedomsskatten i åra framover.

Ein har avventa ny taksering av eigedommar generelt og spesielt retta mot den nye kraftlina Modalen – Mongstad kjem på plass. Ei ny taksering vil kunne gje ein auke i eigedomsskattegrunnlaget då det er mange år sidan sist taksering. Det er derfor no trong til å gjere

ein grundig gjennomgang av takstgrunnlaget for ulike eigedomar.

Aktiviteten i takstnemnda har vore låg i fleire periodar, men ein ser for seg at arbeidet i takstnemnda vil ta seg opp i noverande periode. For å kunne utføre dette arbeidet på ein god måte, er det viktig for kommunen å ha gode og oppdaterte takstvedtekter. Modalen har ytra ønske om å få på plass ei fellesnemnd med Masfjorden. Heimelen for dette er sjekka ut. Dette er muleg å få til og ein prøver difor å få dette til i samarbeid med Masfjorden kommune. I neste omgang vert det ei viktig oppgåve for valnemnda å komme med framlegg på kandidatar til ordinær takstnemnd og til klagenemnd, samla sett treng ein å velje 12 personar.

Konklusjon

Framlegg til takstvedtekter for sakkunning nemnd og sakkunning klagenemnd – eigedomsskattepliktige eigedomar i Modalen kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i saksvedlegget og legg føringa på det formelle takseringsarbeidet.

Valnemnda må finne x representantar og x personlege vararepresentantar til sakkunning nemnd, og tilsvarande x representantar og x personlege vararepresentantar til sakkunning klagenemnd, samt koordinere dette med valnemnda i Masfjorden kommune, med sikte på at desse representantane vert valde i Kommunestyremøte i april 2016.

Formannskapet - 020/2016

FOR - behandling:

Rådmannen og ordførar orienterte kort om saka.

Moglege kandidatar frå Modalen til å vere med i felles takstnemnd/klagenemnd med Masfjorden vart drøfta. Ordførar føl opp dette i samråd med leiar av valnemnda i Masfjorden. Valnemnda(ene) legg fram si tilråding til møte i kommunestyret den 21. april.

FOR - vedtak:

Framlegg til takstvedtekter for sakkunning nemnd og sakkunning klagenemnd – eigedomsskattepliktige eigedomar i Modalen kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i saksvedlegget, og legg føringa på det formelle takseringsarbeidet i kommunen.

Vedlegg:

Vedtekter sakkunnig nemnd eigedomsskatt